

TÜRKIYE & SYRIA
EARTHQUAKES:
URGENT APPEAL



ROTARY I VEST

TIDSSKRIFT FOR ROTARIANERE
OG ANDRE INTERESSERTE

NR 6 - 2022-23



Guvernørens Månedsbrev
FEBRUAR 2023

Kongens Fortjenstmedalje til Kenneth Bruvik

RLI - husk påmelding

Sotra RK - Yrkesmessa

Arna RK - Arrangerte eldrefest

Førde RK - Skilting av turveier

TRF-spalten

Fellowships - Rotarian e-Club

Stord RK - Tildelinger av PHF

Askøy RK - Yrkesmessen ble en suksess

Arna RK - Quilte-damene

Arna RK - Yrkesmessen, en lang og god tradisjon

Sogndal RK - 2R møter 4H

PETS BRYNE 10-12 MARS



Månadsbrev nr 6 / 2022-2023
Av Distriktsguvernør
Odd Henry Hommedal

Kjære Rotaryvener!

Månadens Rotary tema.

Fredsarbeid og konfliktforebygging er Rotary sitt tema for februar måned. Meir enn 100 millioner mennesker er på flukt som fylgje av konflikt, krigshandlingar, vold, forfølgelse og brot på menneskerettigheiter. Behovet for konfliktforebygging er kjempestort. Temaet for februar er eit viktig satsingsområde for Rotary. Det siste året med Russlands invasjon i Ukraina, har også vist oss kor dagsaktuelt og alvorleg dette temaet er. Klubbane vert oppfordra til å fylgja opp Rotary sitt fredsbevarande arbeid og konfliktforebygging under sine møter, prosjekt og donasjonar til TRF eller på anna måte.



Shelterbox til jordskjelvfotra i Tyrkia og Syria.

Me er alle svært prega over omfanget av det store jordskjelvet i Tyrkia og Syria. Dei menneskeleg lidelsane er ufattelege. Dødstala har passert 21.000 og dei vil truleg bli mykje høgare. Hundretusenvi er blitt heimlause etter dei massive materielle øydeleggingane. Shelterbox, som Rotary har samarbeidd med i mange år, er allereide på plass i jordskjelvområda, og dei ber instendig om meir bidrag, m.a. frå Rotary-klubbane i Norge. Shelterbox bidreg til katastrofe-områdene med tepper, telt, presenningar, ovnar, vannrenseutstyr osv, som er livsviktig for befolkningen i det kalde vinterværet.



Eg ber om at din klubb tek snarleg initiativ for å bevilga eit bidrag til Shelterbox. Prisen pr. Shelterbox er kr 6.000.

Kontonr: 3201.62.12767 - Innbetalingingane merker du med navnet til klubben.
Vipps 105692 - Du kan også oppmoda klubbens medlemar til å bidra som privatpersonar.

President Elect Training Seminar (PETS)

Innkomande Distriktsguvernør Wibecke Natås er no i full gang med planlegging av årets treningsseminar for innkomande Presidentar og Sekretærar. Seminaret blir halde på Hotel Jæren på Bryne, 11. og 12. mars. Invitasjon og påmeldingsskjema er «like om hjørna».

I samband med PETS blir det også halde Distriktssamling, der viktigaste oppgåve for dei innkomande Presidentane er å gjennomgå og vedta budsjett for distriktet for neste år. Forslag til budsjett blir sendt ut til klubbane før PETS.




Mobil-appen Rotary Norway

Har du lasta ned den nye mobilappen til telefonen din?

Norfo (Rotary Norge) har utvikla ein app for Rotary medlemmar. Denne kan du lasta ned til telefonen din. Her vil alle møter i klubben din dukka opp etter kvart som dei nærmar seg. Du vil finna ditt eige medlemskort. Appen kan også nyttast til å registrere frammøte på klubbmøter. Informasjon og bruksanvisning finn du på distriktet si heimeside:

<https://support.rotary.no/no/app-for-mobiltelefon>



Medlemsutvikling i Rotary i Norge og Distriktet

Medlemsutvikling i klubbane og i distriktet er me alle opptatt av. Rundt om på mine klubbbesøk har eg vore med å ta opp mange nye medlemmar, og det er svært hyggeleg. Det vert jobba godt med medlemsverving i nær sagt alle klubbar i distriktet.

Til tross for dette har me ein liten nedgang i medlemstalet, men me er best i klassen av distrikta i Norge. Målet er å stoppa nedgangen i år, og så gradvis auka medlemstalet framover. Lukke til med det vidare arbeidet og hugs å melda inn alle nye medlemmar i Medlemsnett fortløpande. Her er ein tabell som viser utviklinga hittil i Rotaryåret.

Rotary medlemmer i Norge				
				Endring 1.07.2022-
Distrikt	01.07.2021	01.07.2022	31.01.2023	31.01.2023.
2250	1615	1546	1536	-10
2260	1498	1456	1403	-53
2275	1021	991	968	-23
2290	1741	1665	1615	-50
2305	1614	1590	1563	-27
2310	1790	1705	1638	-67
	9279	8953	8723	-230

Kongens fortenstmedalje til Kenneth Bruvik

Kenneth Bruvik er tildelt Kongens fortenstmedalje. Medaljen vert overrekt under eit arrangement den 22. februar. Medaljemottakaren vert seinare invitert til mottaking på Slottet. Kenneth Bruvik er også Paul Harris Fellow.



*Kenneth Bruvik har mellom anna engasjert seg sterkt i kampen mot plastforureininga i havet.
Fotograf: Trude Refsahl*

Kenneth Bruvik får medaljen for hans særlege samfunnsnyttige innsats innanfor sosialt arbeid og berekraftig miljø. Bruvik (56) er tilsett som instruktør i Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland. Han er busett i Bergen, men er vaksen opp og har hatt det meste av engasjementet sitt i Øygarden.

Ordførar Tom Georg Indrevik gler seg over at Kenneth Bruvik får Kongens fortenstmedalje.

- Dette er fullt fortent. Kenneth Bruvik har gjennom mange år vist eit uvanleg stort engasjement for miljø og berekraftig utvikling og involvert ungdom i dette arbeidet på ein framifrå flott måte. Her har vi alle eit ansvar, men Kenneth har på ein særleg måte sett dette temaet på dagsorden, seier ordføraren som den 22. februar skal overrekkja fortenstmedaljen til Kenneth Bruvik.

Forslagsstillar Gunnar Buvik seier at det er særleg innan tre område Kenneth Bruvik har utmerkt seg. Det er i prosjektet TAM (Trygghet, Ansvar og Mestring) som er eit alternativt undervisningsopplegg i regi av NJFF der ein nyttar naturen og friluftslivet som ein alternativ arena for ungdom som treng avveksling frå tradisjonelt skularbeid. Han har også vore ein frontfigur i kampen mot plastforureininga i havet og kjempa for å bevare villaksen.

- Kenneth Bruvik har arbeidd med dette i fleire ti-år, og framleis er engasjementet på topp. Kenneth har lagt ned ein innsats som ligg vesentleg over det ein kan forventa, seier Gunnar Buvik.

Medaljemottakaren har også engasjert seg in frivillige organisasjonar som Sotra Rotary Klubb og The Plastic Whale Heritage. I kjølvatnet av funnet av ein kval med store mengder plast i magesekken i 2017, vart det etablert ei eiga «plastgruppe» i Sotra Rotary. Han har fått fleire prisar for engasjementet sitt, mellom anna «Fiskeridirektoratets Miljøpris 2018» for å ha skapt og vedlikehalde eit stort engasjement både lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å få merksemd om forsøpling og «Gullaksen 2018» for sitt engasjement for å redde villaksen.

I serien «Plasthavet» på NRK i 2021 var Kenneth Bruvik programleiar. I programmet vart det stilt spørsmål om kva som skjer med naturen, dyra og omgjevnadene rundt oss når platen endar opp over alt. Medaljen vert overrekt på eit arrangement på Kystmuseet den 22. februar for inviterte gjester.



HUSK Å MELDE DEG PÅ RLI

Rotary Leadership Institute

Vi starter opp med modul 1 av 3
lørdag 18. februar 2023
og har fortsatt ledige plasser

LEDERSKAP

SERVICE

MEDLEMSSKAP

Hvordan lede frivillige

The Rotary Foundation

Mitt Rotary

Strategiplan og analyse

Service og prosjekter

Engasjere medlemmene

Teambuilding

Målrettet service

Etikk og Rotary i hverdagen

Kommunikasjon i klubben

Internasjonal service

Et attraktivt Rotary

Omdømme og PR

Rotarys muligheter

Bygge en sterkere klubb

Effektive lederstrategier

Gjøre en forskjell

RLI – Fremtidige muligheter

Deg som Rotarianer

Modul 1

Klubben

Modul 2

Nettverket

Modul 3

**For mer info og påmelding,
kontakt Johannes Hausken**

E-post: johannes.hausken@lyse.net

Mobil: 900 93 057



Yrkesmessa på Sotra

Lærlingplass gjev god erfaring

Det var tett med ungdomar og representantar for skular og bedrifter på yrkesmessa i Sotra Arena tysdag kveld. - Som lærling får eg relevant og god erfaring, seier Ida Kvammen Rosendal som går på VG2 på Sotra vidaregåande skule.



Tekst og foto: Vagleik Brekke

Ordførar Tom Georg Indrevik møtte lærlingar og elevar som tar dei to første åra i «lærlingløpet». Frå venstre; Toulli Hajjar (Sotra VG2, barne og undomsarbeidarfaget), Katarina Hammersland (lærling 2. året, barne- og ungdomsarbeidarfaget), Charlotte Emilie Tonheim (lærling 1. året, barne- og ungdomsarbeidarfaget), Elise Glesnes Scott (lærling 1. året, helsearbeidarfaget), Ida Kvammen Rosendal (Sotra VG2, helsearbeidarfaget) og Mariell Ebbesvik (Sotra VG1, helse og oppvekst).

Den årlege yrkesmessa i Øygarden vert arrangert av Sotra Rotary Klubb. Elevane på det siste året på ungdomsskulen (10. klasse) vandra rundt og gjorde seg kjent med kva tilbod dei står overfor når dei skal ta fatt på det vidaregåande nivået.

Det er populært med lærlingplassar. Øygarden kommune har om lag 100 lærlingplassar, og på yrkesmessa var både lærlingar i kommunen og elevar frå dei to første åra på Sotra vidaregåande skule på plass.

- Eg tek helsefagarbeidarfaget. Dette faget er retta mot arbeid blant dei eldre. Vi lærer om sjukdomar, praktiske ting, stiller pasientar, tek blodtrykk, reier senger og flyttar bebuarar, seier Ida Kvammen Rosendal som har hatt praksis på Sundheimen.



Kristoffer Skavhellen er lærling i Øygarden kommune i IKT driftsfaget

Teori og praksis i fire år

Som lærling har relevante ei blanding av teori og praksis på ein vidaregåande skule dei to første åra. Så følger to år som lærling på ei bedrift.

Mariell Ebbesvik går på VG1 i helse og oppvekst.

Eg er litt usikker på kva fag eg skal velja, men eg har svært godt inntrykk av lærlingordninga etter å ha gått på skulen i eit halvt år. Vi har ei blanding av teori og praksis i barneskule og sjukeheim, seier Mariell.

Dei som kom innom standen til Øygarden kommune og Sotra vidaregåande skule fekk tilbod om å få tatt blodtrykket.

- Nokre av dei som vi testa, hadde nok litt høgt blodtrykk, seier Elise Glesnes Scott som er lærling første året i helsearbeidarfaget.

Kristoffer Skavhellen er lærling andre året i Øygarden i IKT driftsfaget.

- Eg har svært varierte oppgåver og tykkjer dette er kjekt. Den siste tida har eg mellom anna arbeidd med å skifta trådlause punkt i taket. Vi hjelper også mange tilsette som har behov for hjelp. For tida er det ein god del som treng hjelp med passordet, seier Kristoffer som er ferdig med læretida i august.



Bjarne Kahrs og Magnus Larson hjå Brødrene Ulveseth AS.

Fleire bedrifter har stand og viser fram kva opplegg dei har for lærlingar. Bjarne Kahrs i Brødrene Ulveseth seier at bedrifta for tida har 22 lærlingar. Ein av dei er Magnus Larson som er fagarbeidar som har gått på TAF byggfag i Knarvik.

- Eg var ferdig som lærling i mars 2022. Eg stortrivst i jobben. No for tida har eg betongarbeid på prosjektet Kronen i Solheimsviken, seier Magnus.

Julie Dorte Forland, Vanessa Karlsen Skjellevik og Lana Gjesholm Hestad talar varmt for fiskeri og fangst. Dei kjem alle frå Øygarden, men i skuletida bur dei på hybel i Austevoll der dei går på Austevoll vidaregåande skule som er ein kombinert fagskule og vidaregåande skule.

Frå 2013 vart fiskarfagskulen ein del av den vidaregåande skulen. Der får elevane mellom anna tilbod om naturbruk og fiske/fangst eller akvakultur.



Julie Dortea Forland, Vanessa Karlsen Skjellevik og Lana Gjesholm Hestad går på vidaregåande skule i Austevoll.

Martin Asphaug Arnesen som også går i på vidaregåande i Austevoll, har klare mål for framtida.
- Eg vil gjerne verta styrmann eller kaptein, seier han



- Nokre av dei som vi testa, hadde nok litt høgt blodtrykk, seier Elise Glesnes Scott som er lærling første året i helsearbeidarfaget.



Mye folk på Yrkesmessa også denne gang, og med Koronaen som bakteppe, så var det kjærkomen å kunne treffe menneskjene i bedriftene og frå Utdanningsinstitusjonane igjen.

Arna Rotary Klubb arrangerte eldrefest

Ein av Arna Rotary Klubb sine aller kjekkaste aktivitetar, kanskje den aller kjekkaste, kunne endeleg finne stad igjen måndag 9. januar. Då kunne klubben igjen arrangera eldrefest for mange hyggelege seniorar i Arna. Heile 91 personar takka ja til å delta på festen, og i god tradisjon blei så godt som alle henta av klubben sine medlemmer og kjørt til og frå Kyrkjelydshuset i Arna.



Ein ikkje ukjend pandemi dei siste åra har gjort at det ikkje har vore mogleg å arrangera denne festen sidan januar 2020. Etter varm velkomst frå leiar i festkomiteen Ingeborg Eliassen, og ei engasjert helsing frå Rotary-klubben ved president Anne-Britt Hauge, inneheld festen dei «faste postane», som gode smørbrød med velsmakande varm sjokolade til, vakker korsong ved Haukeland Songlag, og seinare kaffe og tebrød. Og innimellom dette kåserte Rotary-medlem Siv Lekven med interessante tankar omkring det å bli eldre, tilhøva mellom generasjonar etter som åra går, og spesielt kor viktig hennar erfaring er når det gjeld korleis besteforeldre og barneborn finn ut av dette saman.

Haukeland Songlag er nemnt, og det er imponerende å oppleve kor velvillig dei stiller opp år etter år, på denne festen med sin gode korsong. Stor takk også til Jan Erik Reknes som stiller opp og trakterer pianoet både til allsongen og fin bakgrunnsmusikk.


Rotary sitt motto er «Å gagne andre». Eldrefesten er eit godt døme på akkurat det.



Ein tur ut?

Velkommen til Rotaryparken i Førde.
Rotary er bokstavleg sagt: sett på kartet i Førde.
Rotaryparken ein del av "Kulturløypa i Førde".

Jostein Tjugum
President Førde Rotaryklubb



Shelterboxen kommer nå til sin rett under det katastrofale jordskjelvet i Tyrkia og Syria.

Her må klubbene se sin besøkestid og bidra, og det gjør vi allerede, etter meldinger som kommer inn nå 11.02.2023.

Alle klubber burde hatt en Shelterbox å vise frem på arrangementene sine.



TRF-SPALTEN

Har du spørsmål om TRF?

Kontakt komiteen ved Eli Lexander:
E-post: eli.lexander@gmail.com
Mobil: 913 31 392



Prosjekter som kommer

Karmøy Rotary klubb:

Klubben planlegger nytt Global Grant **Courage to Care** i Sør-Afrika. Første prosjekt er snart gjennomført, og nytt er på vei.

Kontakt: **Odd Henning Johannessen**

E-post: odd.henning.johannessen@skole.rogfk.no

Stavanger og Hafersfjord Rotary klubber:

Klubbene planlegger et nytt Global Grant 10.000 Happy Birthdays by Rotary i Malawi.

Kontakt: **Kjetil Galta**

E-post: kjetil.galta@aeronorway.no

Støtt fredsprosjektet!

Tom Omondi Okoth er distriktets fredskandidat på Makerere universitet i Kampala (Uganda)

Prosjekt:

Bedre livssituasjonen for gateungdommer ved opplæring i samhold og fredsmekling.

Informasjon er også sendt til alle klubber.

Prosjektet trenger mer midler:

-Vi håper Toms arbeid støttes av flere klubber og enkeltmedlemmer i D2250. Alle bidrag vil hjelpe!

Bruk konto 9685.28.57738

Merk innbetalingen Toms fredsprosjekt

Kontakt: **Tom Egil Lilletvedt**

Distriktets DPFC (District Peace Fellowship Chair)

E-post: tomegillilletvedt@gmail.com



DISASTER RESPONSE FUND

Januar 2023 var to nye, midlertidige fond på plass for:

- Krigssituasjonen i Ukraina: **Ukraine Response Fund**
- Flomkatastrofen i Pakistan: **Pakistan Flood Response Fund**

Fondene er åpne for bidrag fra distrikter/ klubber / medlemmer frem til 31.12.2023.

D2232 (Belarus og Ukraina) og tilgrensende distrikter kan få prosjektmidler frem til 30.06.2024 - eller så lenge det er midler.

Tilsvarende kan distrikter med tilknytning til flomområder i Pakistan få prosjektmidler.

Det er altså mulig å gi bidrag som er øremerket prosjekter i Ukraina eller Pakistan.

Bruk konto: 8301.91.08018


Merk innbetalingen:

Ukraine Response Fund eller
Pakistan Flood Response Fund




Visste du at...


Medlemstallet synker i D2250...




...mens bidrag til Rotaryfondet har økt



Andelen klubber som ikke gir til Annual Fund eller PolioPlus er dessverre stor



Selv om bidrag til Rotaryfondet har økt, er det fortsatt et stykke igjen til forventet sum pr medlem, som er 100 USD pr år



Bli gjerne fast giver!



EVERY
ROTARIAN
EVERY
YEAR

OBS – OBS – OBS – OBS – OBS

Det blir ikke avholdt kvalifiseringsseminar i forbindelse med PETS i mars, men legges til vårmøtene (annonseres senere).



Rotarian e-Club
Fellowship

Målet til Rotarian e-Club Fellowship (REF) er å gjøre det mulig for rotarianere og rotaraktører å dele og etablere forbindelser, kommunikasjon og samarbeid gjennom fellesskapet vårt via tilgjengelig teknologi.

REF tar sikte på å forbedre medlemmers, klubber og distrikters opplevelser av teknologi for å skape og dele beste praksis i den hensikt å øke Rotary-medlemskapet og klubbens effektivitet.

Vi er mer enn bare et fellesskap basert på "internett", da vi har som mål å være medvirkende til å veilede og gjøre våre medlemmer i stand til å bruke og dele alle tilgjengelige "e"-verktøy. Vi vil holde oss oppdatert på nye teknologier som kan deles for å hjelpe Rotary videre i den teknologiske verdenen.



Målet til Rotarian e-Club Fellowship (REF) er å gjøre det mulig for rotarianere og rotaraktører å dele og etablere forbindelser, kommunikasjon og samarbeid gjennom fellesskapet vårt via tilgjengelig teknologi.

REF tar sikte på å forbedre medlemmers, klubber og distrikters opplevelser av teknologi for å skape og dele beste praksis i den hensikt å øke Rotary-medlemskapet og klubbens effektivitet.

Vi er mer enn bare et fellesskap basert på "internett", da vi har som mål å være medvirkende til å veilede og gjøre våre medlemmer i stand til å bruke og dele alle tilgjengelige "e"-verktøy. Vi vil holde oss oppdatert på nye teknologier som kan deles for å hjelpe Rotary videre i den teknologiske verdenen. For de som ønsker mer informasjon kan følgende link benyttes: <https://rotarianeclubfellowship.org/>

Tildeling av Paul Harris Fellow i Stord RK

På slutten av 2022 og starten på 2023 var det store tildelingar av heidersteiknet Paul Harris Fellow i Stord Rotary Klubb.

På den årlege lutefisk kvelden i desember 2022 på Stord Hotell vart fire medlemmer heidra av President Robert Halleraker med Rotary sitt heidersteikn Paul Harris Fellow, PHF, for stor innsats for klubben i over 40 år både lokalt og å fremja vennskap mellom folk internasjonalt:

- Olav Myhre Medlem i 52 år - President 1981/1982
- Tore Myhre Bjelland Medlem i 46 år - President 1995/1996
- Nils Dale Elde Medlem i 41 år - President 1988/1989
- Knut Gramstad Medlem i 41 år - President 1994/1995



Frå venstre: Nils D. Elde, Knut Gramstad, President Robert Halleraker, Tore M. Bjelland og Olav Myhre.

Ved opninga av Utdanningsmessa For Sunnhordland 25. januar 2023 vart to personar heidra med Paul Harris Fellow for sitt arbeid med å gje Utdanningsmessa eit vidare perspektiv. Anne-Grete Sandtorv, leiar i Stord Næringsråd og pensjonert administrerande direktør i Sunnhordland Kraftlag (SKL), Magne Heimvik.

Anne-Grete Sandtorv starta opp og har i mange år arrangert eit mini-seminar med tema rundt samarbeid skule og arbeidsliv i tilknytning til Utdanningsmessa for Sunnhordland. Magne Heimvik tok i år 2000 initiativ til å etablere eit Utdanningsstipend for ungdom frå Sunnhordland som skulle delast ut under Utdanningsmessa til Stord Rotary Klubb.

Utdanningsstipendet har etter det vore eit samarbeid mellom SKL og Stord Rotary Klubb og blitt delt ut i alle år sidan med unntak av 2022 då arrangementet vart stoppa av pandemien. Stipendet var i år 2000 på kr 25 000 og er no på kr 50 000.



Anne-Grete Sandtorv, President Robert Halleraker og Magne Heimvik.

Under Charterfesten til Stord Rotary Klubb på Fjellstova 3. februar 2023 delte PDG Jostein Osnes, på vegne av Distrikt 2250, ut Paul Harris Fellow med safir til sitt team i Guvernør perioden 2020 - 2021.

Bjørg Bjelland Grov vart takka (utan heidersteikn) for å ha stilt med husrom, kaffi og pannekaker på alle komitémøte.



Frå venstre: PDG Jostein Osnes; Claus Jünger, Ole Gregor Grov, Per Inge Sætrevik, Bjørg Bjelland Grov og Robert Halleraker.

Yrkesmessen ble en suksess på Askøy

Askøy Rotary Klubb arrangerte Yrkesmessen 2023 torsdag 26. januar med stor deltakelse fra utstillere og elever m/foresatte.

I kantinen på Kleppestø ungdomsskole stilte 30 utstillere (skoler og bedrifter) med informative stands. På Askøy videregående skole var det åpne verksteder med elever i full aktivitet. Omlag 500 elever pluss foresatte fikk god og nyttig informasjon om yrker og utdanning i den videregående opplæringen. Målet med dette er at det skal bli lettere for elevene å velge yrke og utdanning.

Tilbakemeldingene fra elevene, foresatte og bedriftene var udelt positive til dette arrangementet som Askøy Rotary Klubb har tatt initiativet til og gjennomført i 26 år.

Presidenten i Askøy RK Eli Lexander ønsket velkommen og ordfører Siv Høgtun åpnet messen. Ordføreren understreket verdien av at elevene kan få mulighet til å møte skoler og bedrifter på en yrkesmesse. Dette kan være helt avgjørende for valg skole og framtidig yrke for den enkelte elev, presiserte ordføreren.

Alle gleder seg til neste års yrkesmesse (2024) som i sin helhet blir lagt til den nye Askøy videregående skole.



Eli Lexander ønsket velkommen og Ordføreren åpnet Yrkesmessen, torsdag 26 januar

Ordføreren i passiar med elever og utstillere.



På standen til Opplæringskontoret for Anlegg og Bergdrift kunne elevene prøve fysiske maskiner.

Quilte-damene i Arna

Arna Rotary klubb har besøkt ivrige quilte damer i Arna etter at de fikk økonomisk støtte fra Arna Rotary klubb i høst.

De syr varme tepper til kuvøsebarn, barn på barneklivnikken og de som er på barne og ungdomspsykiatriske avdeling.

I fjor leverte de 150 tepper og 150 nett til å ha brosjyrer og papirer i. Hittil i år har de sydd 17 tepper. Damene i Arna quiltelag er sammen hver onsdag og får «dyrket»hobbyen sin sammen med andre med samme hobby.

Har du stoffrester liggende enten til baksiden eller til teppe så tar de gjerne imot. De gjør en stor forskjell for barna som får teppe.



Yrkesmessen i Arna - en lang og god tradisjon

Etter 2 år med korona og ingen fysisk messe, var det kjekt å endelig få gjennomført denne som vanlig i Bjørnarhallen i november.

Klokken 18 denne ettermiddagen var alle utstillerne på plass og lokalet ble fort fylt opp av engasjerte ungdommer og noen foresatte. For oss i Arna Rotary Klubb ble det en hyggelig kveld med mange engasjerte ungdommer og flott stands.

Det var god stemning de 2 timene messen ble gjennomført og alle stands hadde forholdsvis godt med besøk hele tiden. For oss i klubben var det også fint å gå rundt å se hva de ulike utstillerne hadde å vise fram. De aller fleste standene er skoler og virksomheter som vi har hatt med oss i mange år, mens noen var noe og noen var savnet, bla. Politiet og forsvaret som pleier å delta på messen.

Vi merket oss at stands med litt ekstra å vise fram, er de som er lettest fanger ungdommenes oppmerksomhet, men samtidig er det mange som vil vite litt om alt, så her var det ingen som stod lenge uten besøk på standen.

Som vanlig serverer vi kaffe og vafler til utstillerne våre og dette er noe de setter stor pris på.

Vi takker engasjementet ved årets messer og ønsker ungdommene lykke til med sitt videre valg av studie!

Anne-Britt Hauge
President Arna Rotary Klubb



Mannsterkt besøk fra naboklubben i Åsane. De fikk omvisning og en god prat for hvordan Arna RK arrangerer sin Yrkesmesse.



Sogndal Rotary Klubb

2R møter 4H

I staden for måndagsmøte 6.februar vart det «Rotarys Rakfiskkveld» med eventuelle nye medlemmar som inviterte gjester. Me hadde både gode samtaler og nokre korte innføringar i Rotary, men høgdepunktet vart utan tvil Kristin (21) si historie om studieturen til Gambia med 4H.

Klubben hadde bidrege noko til reisebudsjettet, og Kristin har nett kome heim, full av opplevingar og erfaringar for livet. Ung som ho er, er ho allereie ein røynd leiar i organisasjonen 4H og dermed ein ideell rotarianar – så me skal ta vare på ho - !

4H har mange program for ungdomar innanfor utveksling og leing som liknar på Rotary sitt tilbod. Rotakids, Rotaract, RYLA – me kunne kjenne att element av alle desse ordningane, og det var interessant for oss å sjå «grensesnitta».

Me kjem difor å diskutere kor vidt me kan starte eit tettare samarbeid med 4H.



Førebuing: Full konsentrasjon på kjøkenet.



Kristin har mykje interessant å fortelje om turen til Gambia

Som det er skikk og bruk i Sogndal RK, oppsummerte verten vår IPP Christen Knagenhjelm også denne kvelden:

Sogndal Rotary Klubb er samla denne gang, til årets viktigaste arrangement.

På kjøkenet finn vi nye folk.
Som førebur kveldens ete-bolk.
Vi manglar – diverre - vårt faste personale.
Og det er ganske gale!

Tanken bak årets rakfisk.
Var og å prøve og gje klubben ny frisk.
Her er møtt opp medlemer, mange gamle.
Vi er glade for og å samle.
Nye ansikt til denne kveld.
Vårt ynskje er at alle føler seg vel!

At Fjærland stiller med stort potensiale.
Finn vi positivt – det er slett ikkje gale!

I det store biletet har verda det slett ikkje bra.
Og Rotary, som verds-viktig organisasjon, bør kunne dra.

I trådar som samlar opp,
nok styrke til at galskapen får ein stopp!

Vår medkjensle med ofra for katastrofar av alle slag.

Er siste line frå «Kveldens»-forfattar på årets rakfisklag.

PS:
Rakfisk med kjøkenmannskap i ny kvantitet
og dessert frå Renate ga kvelden ein utsøkt kvalitet!
DS



**CREATE HOPE
in the WORLD**

Påminnelse til alle
innkommende sekretærer og
innkommende presidenter

PETS

10. – 12. mars 2023
Hotell Jæren, Bryne

Sett av denne helgen i kalenderen
Påmelding og program kommer senere
Selve seminaret skjer lørdag og søndag